



Miljødirektoratet  
v/Statsforvaltaren i Nordland  
sfnopost@statsforvalteren.no

24. juni 2026

Kopi: Statsforvaltaren i Nordland, Miljøavdelinga

## **KLAGE – LØYVE TIL UTSETTING AV LUTZGRAN PÅ GNR 61, BNR 1 I MELØY KOMMUNE**

Vi viser til sak 2026/3628, vedtaksdato 22. mai 2026. Vidare førebels klage av 9. juni 2026.

Klagarorganisasjonane arbeidar spesielt med naturmangfald. Viss det er nærare spørsmål om vår klagerett, så kan vi svare på det etter førespurnad.

Vi meiner vedtaket bygger på feil føresetnader og dermed må gjerast om til avslag.

### **Tilgang til dokument - klagefrist**

Vedtaket er dagsett 22. mai 2026 og lagt ut på Miljøvedtaksregisteret pinseaftan laurdag 23. mai 2026.

Første kvardag etter pinse, 26. mai, bad vi om å få tilsendt kart og søknad. Dette fekk vi tilsendt måndag 8. juni.

Av klagefristen på 21 dagar har vi til disposisjon 4 vanlege arbeidsdagar der vi har tilgang til sentrale og nødvendige dokument.

Det er ikkje greitt at Statsforvaltar brukar av klagefristen vår på denne måten. Statsforvaltaren i Rogaland legg ut aktuelt kart som vedlegg i Miljøvedtaksregisteret, slik at dette er tilgjengeleg utan nærare spørsmål. Dette reknar vi med er mogleg også for Nordland. Som ein følge av manglande tilgang på kart, har vi ikkje fått til å sjekke fleire spørsmål i felt.

Naturvernforbundet  
Mariboës gate 8  
0183 Oslo  
[naturvern@naturvernforbundet.no](mailto:naturvern@naturvernforbundet.no)

Sabima  
Mariboës gate 8  
0183 Oslo  
[sabima@sabima.no](mailto:sabima@sabima.no)

WWF Verdens naturfond,  
Pilestredet 8  
0180 Oslo  
[wwf@wwf.no](mailto:wwf@wwf.no)

## Status for granslekta i Meløy kommune

Når det ikkje er vist til noko kartleggingsdokument når det gjeld utbreiing av slekta *Picea* i området, går vi ut frå at Artskart er lagt til grunn. Vi har tatt eit utsnitt av kommunen:



Frå Artskart 18. juni 2026. Arealet av utsnittet er 43 kvadratkilometer. På dette arealet er det 10 registreringar av *Picea abies* og 1 av *Picea sitchensis*. Omsøkte lokalitet ligg omtrent midt på kartet og har ingen registreringar av *Picea*.

Kartutsnittet viser at det er noko gran (grøne punkt). Sitkagran finst (fiolett punkt), men heilt sporadisk. Lutzgran er ikkje registrert. Når framandartslista seier at lutzgran er ein art med økologisk risiko og storsamfunnet i form av Naturavtala har sagt at denne skal registrerast og om mogleg fjernast, så er grunnlaget godt for å lukkast med nettopp det når arten knapt er registrert. Viss ein let vere å plante meir.

Statsforvaltaren har i praksis lagt til grunn at lutzgran er såpass utbreidd at han ikkje let seg stoppe. Det må vere feil når arten ikkje er registrert. Blir det planta på nytt, vil problemet bli forlenga i tid.

Viss dette er feil konklusjon som skuldast at kartlegginga er for dårleg som grunnlag, då er grunnlaget for statsforvaltaren si sakshandsaminga også for dårleg.

Artskart viser ein god del av sitkagran i den delen av kommunen som ligg på Meløya. I heile kommunen er det ei registrering av lutzgran (Setvikdalen). Viss Artskart speglar faktisk situasjon når det gjeld *Picea*-artane i Meløy kommune, skal det vere mogleg å fjerne alle desse framandartane. Det er berre øya Meløya som har eit omfang av artane som i fall må

vrderast nærare. Statsforvaltaren er mellom dei som skal gjennomføre Naturavtala. Dei to punkta nedanfor er sentrale i denne saka.

Naturavtala:

#### MÅL 2

Sikre at det innen 2030 er iverksatt effektiv restaurering av minst 30 prosent av arealene med forringede økosystemer på land, i elver og innsjøer, langs kysten og i havet, for å forbedre naturmangfold og økosystemfunksjoner og -tjenester samt økologisk tilstand og sammenheng.


#### MÅL 6

Eliminere, minimere, redusere og/eller avbøte påvirkningen fra fremmede skadelige arter på naturmangfold og økosystemtjenester ved å identifisere og håndtere introduksjonsveier for fremmede arter, forhindre at prioriterte fremmede skadelige arter introduseres og etableres, redusere introduksjons- og etableringstakten for andre kjente eller potensielle fremmede skadelige arter med minst 50 prosent innen 2030, og utrydde eller kontrollere fremmede skadelige arter, især på prioriterte steder, for eksempel øyer.

### Raudlisteartar og andre artar i omsøkte område



Utsnitt av vedlegg til vedtaket. Blå markering er omsøkte plantefelt.



Artskart 9. juni 2026

Dei to markeringane på Artskart som ligg i omsøkte område er knytt til desse registreringane;

| Vitenskapelig navn                     | Norsk navn       | Kategori |
|----------------------------------------|------------------|----------|
| <u><i>Phylloscopus trochilus</i></u>   | Løvsanger        | LC       |
| <u><i>Racomitrium canescens</i></u>    | Sandgråmose      | LC       |
| <u><i>Turdus philomelos</i></u>        | Måltrost         | LC       |
| <u><i>Cuculus canorus</i></u>          | Gjøk             | NT       |
| <u><i>Fringilla montifringilla</i></u> | Bjørkefink       | LC       |
| <u><i>Anthus pratensis</i></u>         | Heipiplerke      | LC       |
| <u><i>Phylloscopus collybita</i></u>   | Gransanger       | LC       |
| <u><i>Turdus pilaris</i></u>           | Gråtrost         | LC       |
| <u><i>Corvus corone</i></u>            | Kråke            | NA       |
| <u><i>Hylocomium</i></u>               | Etasjemoseslekta | NE       |
| <u><i>Accipiter nisus</i></u>          | Spurvehauk       | LC       |
| <u><i>Poecile montanus</i></u>         | Granmeis         | VU       |

|                                      |               |    |
|--------------------------------------|---------------|----|
| <u><i>Sphagnum capillifolium</i></u> | Furutorvmose  | LC |
| <u><i>Actitis hypoleucos</i></u>     | Strandsnipe   | LC |
| <u><i>Motacilla alba</i></u>         | Linerle       | LC |
| <u><i>Hylocomium splendens</i></u>   | Etasjemose    | LC |
| <u><i>Regulus regulus</i></u>        | fuglekonge    | LC |
| <u><i>Turdus iliacus</i></u>         | Rødvingetrost | LC |
| <u><i>Chloris chloris</i></u>        | Grønnfink     | VU |
| <u><i>Corvus corax</i></u>           | Ravn          | LC |
| <u><i>Turdus merula</i></u>          | Svarttrost    | LC |
| <u><i>Cladonia gracilis</i></u>      | Syllav        | LC |
| <u><i>Scolopax rusticola</i></u>     | Rugde         | LC |
| <u><i>Fringilla coelebs</i></u>      | Bokfink       | LC |
| <u><i>Spinus spinus</i></u>          | Grønnsisik    | LC |

På lista finst det 3 raudlisteartar: gauk, granmeis og grønnfink. Granmeisen er registrert med mindre nøyaktigheit og kan vere observert utanfor omsøkte felt. Arten har det nok best i variert, gjerne litt eldre skog. Ein plantasje av lutzgran er venteleg negativ.

Kvifor gauk og grønnfink ikkje er nemnt av Statsforvaltaren er uvisst. Gauk trivst mykje betre i ope landskap enn i ein skog av lutzgran, og vil dermed bli negativt påverka av at området blir planta til med lutzgran. Grønnfink held seg helst til område med buskvegetasjon, og kunne også vore nemnt blant dei som blir negativt påverka.

Vi er usikre på om Statsforvaltaren har bruka rett kompetanse på dette temaet og er usamde når det gjeld vurdering.

Dei fleste artane på lista trivst nok betre utanfor ein tett skog av lutzgran.

Når det gjeld kartleggingskvalitet legg ein merke til at det er NiN-kartlegging eit godt stykkje unna, men ikkje i Mosvoldalen. I Mosvoldalen er det to lokalitetar kartlagd etter eldre metode. Det er påvist artar som er sjeldne og uvanlege for kommunen. Sjølv om området er nemnt som intermediært når det gjeld basepåverknad, så er det artar som tyder på at det er område som er over mot ekstremrike. Både myrlokaliteten og skoglokaliteten kan over tid bli påverka av eit lutzplantefelt i området. Dei må kartleggast nærare.

Kartlegginga som blei gjort kring 2007 er omtala i NINA-Rapport 345. Der står det at prosjektet er gjennomført basert på tilgjengeleg litteratur, i tillegg til egne prosjekt.


Ein må gå ut frå at kartleggingssituasjonen i området er frå god til heilt manglande. Det kjem an på kva som i si tid blei kartlagd. Det er statsforvaltaren si oppgåve å gjere greie for dette spørsmålet. Har ein ikkje dokumentasjon, må ein legge til grunn at det ikkje er kartlagd systematisk.

Statsforvaltaren har bruka formuleringa «*Det er ikke registrert spesielle naturverdier i det omsøkte arealet, herunder MiS-figurer, nøkkelbiotoper, utvalgte livsmiljø, viktige naturtyper eller verneområder.*». Det er ei uttrykksform som kan mistydast. Om det ikkje har vore biolog

i området, eller om det har vore biolog som har leita, men ikkje funne noko, er uvisst. Det kan tyde at ein har full oversikt og lite uvisse. Eller at uvissa er total.

Men når langdistansespreiing opptil 2 km for lutzgran er bruka av Statsforvaltaren, må ein gå ut frå at artar innanfor 2 km radius må kartleggast for å vite kva som kan bli påverka. Og då blir det litt rart når Statsforvaltaren uttalar at «*De få registrerte naturverdiene i nærområdene er i betydelig avstand fra det omsøkte plantefeltet, og det vurderes at tiltaket ikke vil påvirke disse direkte*», samstundes som dei viser til registreringar mykje nærare omsøkt område enn 2 km. Det diskuterast heller ikkje kva som finst av eksisterande spreiding av framande treslag i området, samt kvifor dei ikkje forventar slik spreiding. Det verkar ikkje å vere i tråd med vurderingar etter lovverket.

I tillegg manglar det dokumentasjon av faktiske registreringar som er gjort i og inntil området og om dette er gjort utover det som ligger i Artskart. Det er nødvendig å vite om det faktisk er gjort registreringar her viss påstanden om at det er gjort skal vere haldbar eller berre viser manglande kartlegging. Dette i tråd med aktsemdsprinsippa §§ 4-12 i naturmangfaldlova og særleg ifht § 8 kunnskapsgrunnlaget og § 9 Føre-var-prinsippet.



Frå Nordlandsatlas 9. juni 2026.

Statsforvaltaren grunngjev løyvet langt på veg ved at det har vore lutzgran på arealet frå før. Resten av verda godtar ikkje lenger at bruken av framandartar for 50 år sidan utan vidare er rett no. Det er grunnen til at Noreg har underteikna Naturavtala og plikta seg til å rydde opp i

framandartane. Når ein vurderer dette i 2026, må ein ta høgde for at ein del skog planta på 1900-talet ikkje skal erstattast med ny skog med framande artar. Ei slik vurdering er ikkje gjort i denne saka. Det er ein heilt vesentleg mangel ved vedtaket.

Flyfoto av området seier oss at det kan vere ein god del myr som blei planta til i si tid. Ein må vurdere om grøfting av myr for å plante til med skog kan reverserast. Restaurerbar myr har stor verdi når det gjeld karbonlagring, noko som må kome fram viss ein må vege omsyn mot kvarandre.

Elles ser vi strukturar på flyfoto som vi gjerne skulle ha vurdert nærare. Om dette er grøftesystem eller spor etter tynningsverksemd veit vi ikkje. Det er eit spørsmål som er nødvendig å avklare før ein kan gjere vedtak.

Elles ser det ut til at det ikkje er meir enn traktorveg inn til området. Oppgradering av tidlegare traktorveg vil i område som dette ha negativ verknad på naturen, utan at dette er med i vurderinga til Statsforvaltaren. Kostnaden med veg gjer elles eventuelle positive verknader mindre når ein skal summere opp saka.

## **Fjerning av rømlingar - dugnad**

I søknaden står det:

### **Beskriv planlagte risikoreduserende tiltak:**

Feltet skal avvirkas når det er hogstmodent. Hvis det viser seg at den sprer seg kan man ha dugnad eller skogeier selv kan fjerne planter. For å hindre spredning av treslaget til naturtyper som for eksempel myr, er det mulig å ha dugnad for å dra opp planter. Dette er et turområde som de lokale bruker, så hvis man arrangerer en dugnad vil nok mange vise engasjement. Generelt er det vanskelig å kontrollere naturen, det er dermed ikke lett å sikre at treslaget ikke sprer seg.

Klagarane representerer organisasjonar som er vel kjende med å fjerne framande artar på dugnad. Aldri har vi vore borti skogeigarar som trur at vi vil hjelpe dei å fjerne rømlingar som grunneigaren sjølv ikkje orker å gjere noko med. Dette meiner vi er ei total feilvurdering. Når plikta til å fjerne rømlingar er avgrensa til dei næraste 200 metrane frå plantefeltet, vil dette ende med skog av framande treslag både i viktige naturtypelokalitetar og annan natur.

Når søkjar peikar på dugnad som ein del av løysinga i sin internkontroll, viser han at det kan vere tvil om at han kan følgje opp denne typen krav, og at han truleg ikkje har noko klar førestilling om kostnadene med rømlingkontroll.

Ein føresetnad som går på dugnadsløysing er såpass spesiell at dette må dokumenterast i form av forpliktande avtale med aktuell organisasjon. Utan slik avtale må ein sjå bort i frå dette.

## **Krav om utsett iverksetting**

Ein ber om at det ikkje blir planta ut noko før klaga er avgjort.

Med venleg helsing

Arnodd Håpnes  
Fagleiar naturmangfald, Naturvernforbundet

Einar Wilhelmsen  
Generalsekretær, Sabima

Sverre Lundemo  
Seniorrådgivar, WWF Verdens naturfond